



Vedlegg til søknad 2018 frå Hordaland om å bli programfylke – program for folkehelsearbeid i kommunane.

1.0	Forankring, søknadsutviklingsprosessen og faglege føresetnader for Hordaland som utviklingsfylke for programmet	2
1.1	Forankring av programarbeidet	2
1.2	Samhandling i søknadsprosessen	3
1.3	Hordaland som utviklingsfylke for folkehelsearbeid – faglege føresetnader	5
2.0	Rammer for prosjektutviklinga, kriterium for å inkludere kommunar og tiltak, og plan for fordeling av midlar til tiltak	7
2.1	Rammer for prosjektutviklinga i Hordaland	7
2.2	Innhald i prosjektskisse – kriterium for val av kommunar og tiltak	8
2.3	Tiltaksutvikling i vidaregåande skular i samarbeid med kommunar	9
2.4	Plan for fordeling av midlar og tiltak på kommunane	9
3.0	Gjennomføringsplan og samarbeid i tiltaksutviklinga i Hordaland	11
3.1	Mål for det regionale samarbeidet	11
3.2	Samarbeidsorgana på regionalt nivå	11
4.0	Planar for medverknad, samarbeid og evaluering	15
4.1	Plan for involvering av barn og unge på regionalt og kommunalt nivå	15
4.2	Samarbeid om, og innverknad på programarbeidet frå fylkeskommunane	15
4.3	Plan for samarbeid med kunnskaps- og forskingsmiljø, og roller til miljøa	17
4.4	Plan for tilrettelegging av evaluering/kvalitetssikring	20
5.0	Tiltaks- og framdriftsplan for programperioden	22
6.0	Verbalt budsjett	24

1. Forankring, søknadsutviklingsprosessen og faglege føresetnader for Hordaland som utviklingsfylke for programmet

1.1 Forankring av programarbeidet

Førande dokument:

Søknad frå Hordaland knytt til program for folkehelsearbeid har god forankring gjennom regionale dokument. I «*Utviklingsplan for Hordaland Regional planstrategi 2016-2020*» er hovudmål 2.2 å ha eit inkluderande samfunn. Overordna mål for programarbeidet er tett kopla til denne utviklingsretninga for Hordaland.

I «*Regional plan for folkehelse 2014 – 2025*» er barn og unge ei særskilt målgruppe. Planen har ei helsefremjande og befolkningsretta hovudinnretning. Tematisk innretning av tiltaka som er valde for programarbeidet i Hordaland er i samsvar med den regionale planen. I «*Handlingsprogram 2018-2021*» er fleire tiltak knytt til program for folkehelsearbeid i kommunane, t.d. auka innsats for å fremje medverknadsarbeidet blitt løfta fram. Planen er eit viktig verktøy for å etablere eit langsiktig, systematisk og tverrsektorielt folkehelsearbeid, og for å redusere sosiale helseskilnader i fylket.

Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 har eit heilskapleg syn på menneske, med mål om å fremje utvikling av aktive, skapande og samhandlande menneske gjennom å sikre mangfald og medverknad. Planen omfattar både det profesjonelle og frivillige, arenaer og aktivitet. Kultur er eit fundament i folkehelsearbeidet og bidreg til helse og trivsel for innbyggjarane, og planen har eit særleg fokus på barn og ungdom.

I «*Økonomiplan 2018 - 2021 – budsjett for Hordaland fylkeskommune*» er innsats knytt til deltaking i Program for folkehelsearbeid i kommunane teke inn. Regionalavdelinga har prioritert midlar til prosjektmedarbeidar førebels for åra 2018/2019 i seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling. Dette for å sikre at fylkeskommunen er i stand til å ta rolla som programkoordinator og sekretariat.

Politisk forankring av programarbeidet i fylkeskommunen:

Fylkestinget vedtok samrøystes at Hordaland søkjer opptak som programfylke den 13.06.2017. I vedtaket får fylkesrådmannen fullmakt til å utforme og sende søknaden. Fylkesutvalet har vald politisk representant (posisjon) med vara (opposisjon) til regionalt samarbeidsorgan.

Deltaking frå Ungdommens fylkesutval:

For å sikre god deltaking frå barn og unge på regionalt nivå er Ungdommens fylkesutval ønskja med i arbeidet. Ungdommens fylkesutval skal velje nye representantar i feb./mars 2018. Noverande utval deltek i samarbeidsorganet.

Administrativ forankring:

Arbeidsprosessen knytt til utvikling av søknaden er administrativt forankra hjå fylkesdirektør for regional utvikling, som også er leiar av regionalt samarbeidsorgan på vegne av fylkesrådmannen. Opplæringsavdelinga og avdeling frå Kultur og idrett deltek også i organet.

Samarbeid på tvers av avdelingar i fylkeskommunen:

Ansvar for utvikling av søknaden har vore Regionalavdelinga ved seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling, med næringssjef som leiar for arbeidet. Ein har støtta seg på råd og innspel frå ressurspersonar i fylkeskommunen si tverrsektorielle ressursgruppe for folkehelsearbeid - folkehelseringen. Folkehelseringen er tenkt som ein sentral samarbeidspart i utviklingsarbeidet, også gjennom deltaking i prosjektsekretariat. Dette for å sikre god samordning av arbeidet i fylkeskommunen.

1.2 Samhandling i søknadsprosessen

Samarbeid i ny region, vurdering av felles søknadsprosess:

Gjennom denne søknaden søker Hordaland opptak i tilskotsordninga som programfylke for åra 2018-2022. Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune skal slå seg saman frå 2020. I tråd med regelverket for ordninga har det vore samtalar mellom fylkeskommunane om samarbeid knytt til felles søknad/prosjekt. Begge fylkeskommunane har førebudd mogleg samarbeid gjennom respektive vedtak i fylkestinga i 2017. Dei Regionale planane for folkehelse har langt på veg også samanfallande satsingsområder.

Konklusjonen etter konstruktive samtalar er at fylka søker kvar for seg. Vi har lagt grunnlaget for eit framtidig samarbeid knytt til folkehelse. Vi vurderer det som relativt uproblematisk å gjennomføre programmet i eit felles fylke. På grunn av at prosessen skjer i ein overgangsfase, skal vi ha gjensidig respekt og tillit til dei avtalar og prosjektinnrettingar som kjem på plass medan vi framleis er to fylker. Programutviklinga i to fylke er tenkt å gje framtidige synergjar gjennom samarbeid med fleire av dei same FOU-miljøa allereie no. Vidare tenkjer vi oss samarbeid knytt til kunnskapsgrunnlag og gjensidig oppdatering på prosjektutvikling. Vi har intensjon om å utvikle fleire samarbeidsområde/samordningsområde etterkvart som reformarbeidet utviklar seg.

Til tross for gode tankar om felles prosjektutvikling er den politiske framdriftsprosessen knytt til samanslåinga nettopp starta. Det har derfor også vore hensiktsmessig for oss å drive utviklingsarbeid knytt til søknaden som to sjølvstendige fylkeskommunar gjennom dei samarbeidsformer og nettverk som er etablert lokalt i fylka i dag.

Samarbeid med kommunane – arbeidsprosessen:

Hordaland fylkeskommune har ikkje partnerskap innan folkehelse med partnerskapsavtalar i dag. Arbeidet med søknaden har derfor ikkje vore organisert som prosjekt med representantar frå kommunar og andre samarbeidande miljø. Alle kommunane er inviterte inn i arbeidet på ulike steg i arbeidsprosessen, gjennom opne invitasjonar sendt kommunane ved rådmannen og folkehelsekontaktane. Kommunane i fylket er blitt orientert om programmet gjennom e-postar våren 2017. Det har vore gjennomført fleire samlingar knytt til programmet. Av 33 kommunar i fylket har rundt 25 kommunar møtt på ein eller fleire samlingar. All kommunikasjon rundt programmet inklusive referat, er sendt kommunane i fylket. Fylkeskommunen har i tillegg møtt enkeltkommunar som har ønska dette. Det har også vore teke kontakt med nokre kommunar for innspel undervegs.

Drøfting- og dialog møteplassane:

- 26.09.17: Orientering og dialogmøte for å legge grunnlag for utvikling av søknaden. KoRus Vest, RKBU og Folkehelseinstituttet presenterte sine nasjonale oppdrag inn i programmet. Arbeidsprosess med innspel til overordna mål, korleis kommunane ser

føre seg samarbeid for å få til større prosjekt og representasjon til samarbeidsorganet.

- 31.10.17: Forskings- og innovasjonsverkstad i samarbeid med Regionalt forskingsfond Vestlandet. Møte mellom praksis og forskning knytt til programmet. Det er laga rapport frå samlinga.
- 22.11.17: På møte i folkehelsenettverket Hordaland blei nye føringar knytt til nytt regelverk for 2018 presentert, samt foredrag om livskvalitet og psykisk helse.
- 15.01.18: Drøftingsmøte med utkast til målstruktur, inklusjonskriteria for kommunar og tiltak m.m. Kompetansesentra var inviterte.
- 16.01.18: Oppstart læringsnettverk med KS. Tema var barn og unge, psykisk helse og kunnskapsbasert folkehelsearbeid.
- 21.01.18: E-post til kommunane med spørsmål knytt til planar for å søke opptak i programmet og korleis dei tenkjer samarbeid/samhandling bør sjå ut.
- 31.01.18: Brei kommunerepresentasjon i samarbeidsorganet. Organisert med seks representantar frå kommunane valde lokalt innanfor samarbeidsregionar i Hordaland. Råd og drøfting.
- 08.02.18: Dialog/drøftingsmøte med referat frå møte i samarbeidsorganet. Gjennomgang av utkast til delar av søknad for innspel. Vekt på korleis kommunane skal sikrast god deltaking i utvikling av programmet.
- 19.02.18: Utkast til søknad sendt til samarbeidsorgan og kommunar for innspel.

Dialog med kunnskaps- og forskingsmiljø:

Det er eit mål for Hordaland gjennom programarbeidet å fremje det regionale utviklingsarbeidet for folkehelse gjennom styrka samarbeid om kunnskapsutvikling, evaluering og ev. forskning inn i program for folkehelsearbeid i kommunane. Ein annan premis som er avgjerande for å knyte mange og breie kunnskaps- og forskingsmiljø inn mot arbeidet, er at det er tenkt å utvikle tettare samhandling i folkehelsearbeidet i tida som kjem.

Hordaland/Bergen har gode leiande kunnskaps- og forskingsmiljø innan folkehelsearbeid, med kompetanse på barn og unge, rusførebyggjande arbeid, psykisk helse, evaluering og helsefremjande arbeid med meir. Det er viktig for arbeidet som programfylke å knyte til seg miljø som har fått samarbeidsoppdrag frå nasjonale mynde inn i det regionale samarbeidet. Viktig er også vidareutvikling av samhandling med universitet og høgskule i tråd med HelseOmsorg 21 strategien. Fylkeskommunen har samarbeidsavtale med Høgskolen på Vestlandet om FOU-arbeid som er tenkt vidareført.

Fem ulike kunnskap- og forskingsmiljø som kan styrke utviklingsarbeidet i kommunane/regionen, er invitert til delta i arbeidet og har takka ja til deltaking i samarbeidsorganet og/eller praksisnært samarbeid med kommunane. Desse er Hemil-senteret Universitetet i Bergen (UiB), Høgskulen på Vestlandet (HVL), Folkehelseinstituttet avd. for helsefremjande arbeid Bergen, Korus-Vest og RKBU-kompetansesenter for barn og unge. Dei regionale kompetansesentra har også etablert kontaktnett med andre kompetansesentre som kan nyttast.

Det er halde innleiande møter/samtaler med miljøa i desember 2017 og januar 2018. Alle fem har takka ja til å delta i arbeidet i samarbeidsorganet. Det har vore dialog knytt til innsatsområder, roller og plan for evaluering. Miljøa har etablert felles møteplass (evalueringsgruppe) for å fremje samarbeidet seg imellom inn mot programmet.

1.3 Hordaland som utviklingsfylke for folkehelsearbeid – faglege føresetnader

Hordaland fylkeskommune har kompetansemiljø med røynsle med å koordinere nasjonale utviklingsprosjekt også innan folkehelse. Folkehelsearbeidet har fått stadig sterkare prioritert både politisk og administrativt i fylkeskommunen etter at den nye folkehelselova trådde i kraft. Fylkeskommunen har satsa målretta på å utvikle rolla som regional utviklingsaktør for å støtte kommunane sitt folkehelsearbeid gjennom mellom anna utvikling av gode innovative verkty til bruk i det kommunale oversiktsarbeidet. Hordaland fylkeskommune har opparbeidd god arrangørkompetanse, og arrangerer mindre og større samlingar og konferansar årleg. Det er etablert nettverk og møteplassar på mange innsatsområder.

Pågåande utviklingsarbeid og prosjekterfaringar:

Ny pilot fylkesfolkehelseundersøking 2018: Hordaland fylkeskommune har eit godt analysemiljø med folkehelsekompetanse og doktorgradskompetanse, og deltek i samarbeid med Folkehelseinstituttet som er fagleg ansvarleg, i arbeidet med å vidareutvikle ny pilot for folkehelseundersøkinga i Hordaland som skal gjennomførast i 2018. Arbeidet er ei vidareføring av tidlegare pilot gjennomført i Agder-fylka og Vestfold. Kunnskap frå dette arbeidet vil kome til nytte for arbeidet med program for folkehelsearbeid i kommunane.

Prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn pilot 2013-2014: Hordaland fylkeskommune har utvikla prosjektkompetanse for gjennomføring av FOU- arbeid i samarbeid med kommunar og piloten var kompetansedelen leia av Høgskulen i Bergen, mens ansvar for tiltaksgjennomføringa i samarbeid med kommunane var i regi av HFK. Pilotarbeidet gav verdifull kompetanse knytt til tiltaksutvikling for barn og unge i samhandling med skular/skulefritidsordningar i deltakarkommunane.

Nærmiljøprosjektet 2016 - 2018: Hordaland fylkeskommune deltek i prosjektet som er støtta av Helsedirektoratet i samarbeid med fire kommunar. Høgskulen på Vestlandet deltek med kompetansestøtte og som følge-med miljø. Organiseringa av prosjektet er bygd opp for å sikre deltakarkommunane stor innverknad på prosjektutviklinga, i samhandling med fylkeskommunen og HVL. Dette er viktig prosjektkompetanse inn mot det nye programmet. Det vert utvikla kompetanse om styrkebaserte arbeidsprosessar (ABCD-metodikken) i alle deltakarkommunane, som er verdifull i det helsefremjande arbeidet. Viktig er også kompetanse på medverknadsmetodar (barn og unge) og verkty inn mot kommunal planlegging. Erfaringar frå nærmiljøprosjektet har god relevans for program folkehelsearbeid i kommunane.

Frivilligheitspolitikk Hordaland: Eit viktig mål i folkehelsearbeidet i vår region er å stimulere kommunane i fylket til å kartlegge ressursar i frivillig sektor som kan nyttast i folkehelsearbeidet og utvikle ein kommunal frivilligheitspolitikk som er sosialt inkluderande. Hordaland fylkeskommune etablere tilskotsordning for denne satsinga i 2015 (første fylkeskommune i landet i følgje Frivillig Norge). Rundt 60 % av kommunane i fylket har motteke midlar. Røynsler frå denne satsinga kan nyttast inn i programarbeidet.

Viktige samarbeidsrelasjonar:

Folkehelsenettverket i Hordaland: Det er etablert møteplassar med kommunane frå to til fire gonger årleg. Temaa for samlingane varierer, men vil også omfatte programområdet. Målet er at kommunane skal komme tettare på planlegging av desse møteplassane.

Samarbeid med Høgskulen på Vestlandet/tidlegare Høgskulen i Bergen: Hordaland fylkeskommune og HVL har gjennom fleire år hatt fleire samarbeidsprosjekt om FoU-arbeid. Det føreligg ei gjensidig samarbeidsavtale, der begge partar bidreg på kvarande sine fagområder. Gjennom samarbeidet er det etablert kopling om praksisnært samarbeid mellom kommunar og HVL. Resultat frå prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn er nytta inn i høgskulen sine utdanningar, masterstudentar er nytta som prosess-fasilitatorar, det er utvikla kunnskap og erfaringar knytt til medverknad frå barn og unge. Desse og fleire erfaringar frå samhandling mellom kommunar, fylkeskommunen og utdanningsmiljø skal nyttast inn i program for folkehelsearbeid i kommunane.

Regionalt forskingsfond Vestlandet: Det har vore gjennomført forskning- og innovasjonsverkstad for kommunane knytt til program for folkehelsearbeid hausten 2017. Regionalt forskingsfond Vestlandet arrangerer ulike verkstadar opne for kommunane til nytte i prosjektutvikling og kopling inn mot forskning som er relevante for å auke kompetanse inn mot programmet.

Andre faglege nettverk/ formidlingsarenaer:

Læringsnettverkprogram for folkehelsearbeid i kommunane: Læringsnettverk er starta opp i samarbeid med KS. Om opptak i programmet vil læringsnettverket bli vidareført i regi av Hordaland fylkeskommune som ein årleg møteplass for alle kommunane knytt til planlegging, psykisk helse og rusførebyggjande arbeid. Arbeidet vil kunne bidra til kompetanseheving også inn i arbeidet for prosjektkommunane.

Søke medlemskap Sunne kommuner: Hordaland har politisk vedtak frå februar 2018 om å søke medlemskap inn i Sunne kommuner, som er det norske nettverket innanfor den internasjonale paraplyen til WHO. Medlemskap vil gje Hordaland fylkeskommune ein arena for diskusjon, erfaringsdeling og kompetanseheving, men også høve til kunnskapsspreiing frå Hordaland internasjonalt.

Idrettscampus Bergen: Skal styrke arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Hordaland gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling og formidling. Visjonen er Styrke i samspel, og er eit samarbeid mellom åtte sterke aktørar: Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Olympiatoppen Vest, Høgskulen på Vestlandet, Helse Bergen, Hordaland idrettskrets, SK Brann og Universitetet i Bergen. Prosjektet er førebels to-årig og finansiert til våren 2019. Det er definert ti satsingsområde og oppretta delprosjekt knytt til desse. Fleire av delprosjekta har relevant forankring i både regional folkehelseplan og regional kulturplan. Mellom anna knytt til formidling og deltaking, frivilligheit og samhandling.

Prosjekt og forskingskompetanse i kommunane: Mange av kommunane i fylket set inne med verdifull prosjektkompetanse, med erfaringar frå kunnskaps- og tiltaksutvikling som er relevante for det nye folkehelseprogrammet. Kommunane har samarbeidd med mange ulike aktørar som fylkesmannen, fylkeskommunen og mange av FoU-miljøa som skal bidra i arbeidet i fylket. Fleire kommunar har verdifull røynsle med å delta i nasjonale program, og formidle kunnskap frå slike satsingar. Nokre kommunar er også inne i forskingssamarbeid med ulike kompetansmiljø.

2. Rammer for prosjektutviklinga, kriterium for å inkludere kommunar og tiltak, og plan for fordeling av midlar til tiltak

2.1 Rammer for prosjektutviklinga i Hordaland

Rammer rundt deltaking frå kommunane:

Hordaland er eit stort fylke med 33 kommunar, 25 etter kommunereforma. Folketalet i kommunane varierer frå nokre hundre til rundt 278 000 innbyggjarar. Dette betyr også at føresetnadane for prosjektutvikling i kommunane er svært ulike. Tilbakemeldingar frå særleg mindre kommunar handlar om at det kan vere krevjande å drive utviklingsprosjekt åleine. Fleire kommunar er inne i kommunesamanslåingsprosessar, og meldingar syner at dette arbeidet har hovudprioritet dei næraste åra. Sidan det også er uvisst slik regelverket no er formulert om når alle fylke, også Hordaland, vert teke opp i tilskotsordninga, er det også vanskeleg for kommunane å planlegge å søke seg inn i programmet.

Stegvise opptak og samarbeid om tiltaksutvikling:

Etter råd frå samarbeidsorganet er det tenkt at vi må legge til rette for samarbeid mellom kommunane om prosjektutvikling. Det er ikkje tenkt at alle 33 kommunane i fylket, i tillegg til vidaregåande skular, skal inkluderast i ordninga. Samstundes må vi sikre at kommunar som søker seg inn åleine kan gjere dette. Hordaland ønskjer derfor, slik regelverket no opnar opp for, at kommunane kan bli tekne opp i programmet gjennom programperioden. Dette vil gje tid til planlegging av gode prosjekt inn i programmet, etablere samarbeid på tvers av tema og kommunegrenser, og på denne måten utvikle større prosjekt. Dette vil også gje rom for meir tid i dialog med kunnskaps- og forskingsmiljø til å utvikle prosjekt. Vi legg opp til stor fleksibilitet i åra som kjem for å legge til rette for å inkludere kommunar inn i programmet.

Det er tenkt at kommunane skal kunne fasast inn i ordninga i åra 2018, 2019 og 2021, (ev.2022). Som hovudregel vert tilskotsperioden tre år, for enkelte større prosjekt kan tilskotsperioden vere fire år. Det kan i tillegg vere rom for nokre prosjekt på inntil to år.

Kommuneprosjekt som går utover den tida Hordaland er programfylke, vil ikkje få støtte frå programmet. Kommunane/samarbeidskommunar må velje om dei ønskjer eit treårig, fireårig eller eit toårig utviklingsløp når dei søker seg inn i programmet.

Rammer for opptak i ordninga:

I program for folkehelsearbeid i kommunane er kommunane tiltakseigar. Kommunar i Hordaland/samarbeidskommunar som skal vere programkommunar, må fylle alle vilkåra for opptak i tilskotsordninga sett for Hordaland. Kriteria for val av kommunar og tiltak vist under skal bidra til at fylkeskommunen/samarbeidsorganet kan vurdere søknader om opptak i ordninga på nokolunde like vilkår. Dersom det er fleire kommunar enn fem-seks kommunar som ønskjer å delta i programmet frå 2018, må det vurderast kven som skal få plass i ordninga etter meir skjønsmessige kriterium. Dei som fyller kriteria best vil bli prioritert. Dei som ikkje kjem inn i 2018 kan søkje igjen i 2019. Alle kommunar som ønskjer det skal få utviklingsstøtte i søknadsarbeidet.

Gjennom prosjektutviklinga kan det etter råd frå samarbeidsorganet, seinare bli opna for vidareutvikling/endringar i samarbeid med andre prosjektkommunar i fylket t.d. om fleire kommunar vil arbeide med same temaa. Kjem Hordaland inn i tilskotsordninga i 2018 vil opptak i Hordaland bli kunngjort offentleg med ein gong opptak i ordninga er kjent.

2.2 Innhald i prosjektskisse - Kriterium for val av kommunar og tiltak

Kommunen/samarbeidskommunar sender førebels prosjektskisse for programarbeidet til Hordaland fylkeskommune. Prosjektskissa bør vere mellom 5-10 sider. Frist er 31.05.2018.

Skissa bør innehalde følgjande tema:

- fagleg innretting, lokalt kunnskapsgrunnlag og aktuelle tiltak for arbeidet i kommunen
- forankring og organisering av arbeidet
- plan for medverknad, inkl. samarbeid med frivillig sektor
- evaluering, fagleg samarbeid
- budsjett, administrative rammer og rapportering

Programskissa skal svare på følgjande kriterium:

Fagleg innretting, lokalt kunnskapsgrunnlag og aktuelle tiltak for arbeidet i kommunen:

- Beskrive samsvar mellom prosjektide og overordna mål/tema for programarbeidet i Hordaland, samt grunngje kvifor kommunen vil delta i programmet.
- Vise korleis prosjektet byggjer på utfordrings- eller ressursbildet skildra i kommunen sitt oversiktsarbeid. Skildringa skal vere kunnskapsbasert ut i frå korleis kunnskap om påverknadsfaktorar og samanhengar er knytt til barn og unge, psykisk helse og/eller rus.
- Tiltaket skal ha ei grad av innovasjon, det kan inkludere ny bruk av eksisterande tiltak. Tiltaket skal også vere helsefremjande og befolkningsretta.
- Beskrive kva type tiltak, arbeidsmåtar og verkty som er tenkt gjennomført i programarbeidet. Kva er føremålet og nytten med tiltaket? Skissa bør innehalde kort om mål, metode, kva er nytt og førebels gjennomføringsplan.

Forankring og organisering av arbeidet:

- Vise korleis deltaking i programmet er forankra i kommunen sine planar, og korleis arbeidet er tenkt organisert (administrativt og tverrsektorielt i kommunen/eller saman med andre kommunar).
- Vise om deltaking er vedteke politisk, eller kva tidspunkt dette er planlagt til (før samarbeidsavtale skal sendast Hdir innan 30.06.18).
- Periode for programdeltaking – to, tre el. fire år.

Plan for medverknad/deltaking/involvering, inkl. samarbeid med frivillig sektor:

- Beskrive korleis kommunen skal involvere barn og unge, og ev. andre målgrupper i prosjektutvikling og utvikling av tiltak.
- Vise kva kommunen legg i reell medverknad og korleis medverknad er tenkt innarbeidd i programmet gjennom planlegging, utvikling og drift av tiltak.
- Syne i kva grad kommunen tek sikte på å nytte programdeltakinga for å styrke medverknadsarbeidet i kommunen.

Frå 2018 kan kommunen gjennom regelverket overføre midlar til frivillige lag og organisasjonar for gjennomføring av tiltak. Kommunen er framleis tiltakseigar. Om kommunen tenkjer samarbeid med frivillig sektor for ev. gjennomføring av tiltak bør dette kome fram i programskissa:

- Kommunen må beskrive planlagt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar – når, omfang og kva rolle er tenkt for frivillige lag og organisasjonar. Særleg legge vekt på samhandling, ansvarsdeling og rapportering.
- Kommunen må ev. grunngje kvifor samarbeid med frivillige lag og organisasjonar ikkje vert vurdert som aktuelt.

Evaluering, fagleg samarbeid:

- Beskrive korleis kommunen har tenkt at tiltaka skal leggjast til rette for evaluering, kva type evaluering er tenkt og ev. forskning.
- Beskrive korleis kommunen vil forplikte seg til å delta i det felles utviklingsarbeidet i fylket.
- Beskrive korleis erfaringar og kunnskap frå prosjektet skal delast med andre.

Budsjett, administrative rammer og rapportering:

Programskissa må vise budsjett for utviklingsarbeidet i tråd med oppbygging av budsjettmal frå Helsedirektoratet. Nærmare om krav for interne og eksterne kontrolltiltak, samt rapportering vil kome fram i utlysing av ordninga.

- Budsjett må syne korleis kommunen som tiltakseigar vil nytte midlane (frikjøp av prosjektleiing, reise, arr., møter, konferansar, konsulentar, mindre utkjøp av utstyr, driftsutgifter, overføringar til frivillig sektor mm.)
- Kommunane må spesifisere ein eigenandel (kan vere eigeninnsats) fordi dette har betydning for vidareføring av tiltaket.
- Plan for rapportering og framdriftsplan.

Det skal utviklast samarbeidsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og kommunane som legg rammer for prosjektarbeidet, samhandling og rapportering mm. Det kan bli mindre justeringar.

2.3 Tiltaksutvikling i vidaregåande skular i samarbeid med kommunar

Vidaregåande skular er ein viktig arena for tiltaksutvikling for unge i målgruppa. Sidan regelverket for 2018 opnar for at fylkeskommunen kan vere tiltakseigar for tiltak knytt til vidaregåande skular/opplæring er dette drøfta i samarbeidsorganet. Samarbeidsorganet har slutta seg til at fylkeskommunen kan vere tiltakseigar. Fylkeskommunen må fylle dei same inklusjonskriteria som kommunane. I tillegg må det visast til etablert samarbeid gjennom samarbeidsavtalar med ei eller fleire kommunar.

2.4 Plan for fordeling av midlar og tiltak på kommunane

Som skildra over skal det sikrast fleksibilitet knytt til opptak av kommunane i programmet. Innsendt plan for fordeling av midlar og tiltak for kommunane er derfor ei ramme. Hordaland veit ikkje på søknadstidspunkt kva økonomisk ramme fylket vil bli tildelt frå Helsedirektoratet. I samarbeid med samarbeidsorganet vil behov for endringar bli fanga opp. Det er viktig at kommunane vert tildelt såpass stor projektramme at det gir økonomisk spelerom for god prosjektutvikling/tiltaksutvikling. Som vist i punktet om stegvise opptak er det ønskjeleg der det er muleg å utvikle samarbeidsprosjekt på tvers av kommunar.

Tala under er derfor vurdert ut frå eit tenkt tal på prosjekt, men det kan vere fleire kommunar som ønskjer å delta eller samarbeide. Tal på prosjektkommunar kan derfor også bli større og vil verke inn på dei økonomiske rammene for kvart prosjekt. Vurdering av tilskotsmidlar er

gjennomsnittssummar med ei prosjektlengde på tre år. Det er opna for kortare og lengre prosjektperiodar. Det er også sett eit førebels gjennomsnittstal på kr. 1 mill. pr. år til kvart prosjekt. Uti frå projektskisse vil sum tildelt bli vurdert innanfor ei ramme på mellom kr. 600 000.- til 1,4 mill.- pr. år etter prosjektstorleik, samarbeidspartar og krav sett i kriteria.

A. 15 prosjekt. Grunnlag for vurdering av midlar program for folkehelsearbeid i kommunane

	2018	2019	2020	2021	2022	
Første gruppe 5 - 6 kommunar/prosjekt	5 - 6	5	5			
Andre gruppe 5 kommunar/prosjekt		5	5	5		
Tredje gruppe 4 - 5 kommunar/prosjekt			4 - 5	5	5	
	5 - 6	10	14 - 15	10	5	45 mill.

- Prosjekt kan vere samarbeid mellom fleire kommunar
- Tal på prosjekt/kommunar kan bli større enn stipulert

3. Gjennomføringsplan og samarbeid i tiltaksutviklinga i Hordaland

3.1 Mål for det regionale samarbeidet

- Vidareutvikle samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunen, kunnskaps- og forskingsmiljø og frivillig sektor – bruke erfaringar frå andre folkehelseprosjekt.
- Etablere nye samarbeidsarenaer i det systematiske folkehelsearbeidet (som samarbeidsorgan) med fleire aktørar.
- Etablere nettverk/møteplass der kunnskaps- og forskingsmiljø bidreg til kunnskapsbygging/FoU-arbeid i kommunane.
- Auke samhandlinga mellom fylkeskommunen og kunnskaps- og forskingsmiljø
- Auke samhandlinga mellom kunnskaps- og forskingsmiljø og kommunane, praksisnærleik til folkehelsearbeidet.

3.2 Samarbeidsorgana på regionalt nivå

Regionalt samarbeidsorgan:

Det er etablert nytt samarbeidsorgan for folkehelse i Hordaland i tråd med krava til regionalt samarbeidsorgan, med sekretariat frå fylkeskommunen. Det tidlegare partnerskapet for folkehelse i Hordaland etablert i 2007, blei av ulike grunnar avvikla i 2014. Fylket har derfor ikkje eit strategisk og avtalebasert partnerskap i dag, som kunne utviklast som samarbeidsorgan. Det er likevel tett samhandling mellom fylkeskommunen og kommunane. Kommunane er godt nøgde med samarbeid og samhandling med Hordaland fylkeskommune når det gjeld folkehelse (spørjeundersøking, 2017). Samarbeid med andre aktør i folkehelsearbeidet er saksretta, ulikt formalisert og treng utviklast.

I revidert handlingsprogram til folkehelseplanen vedteke av fylkesutvalet den 01.02. 2018, er tiltak knytt til å etablere og utvikle regionalt samarbeidsorgan for folkehelsearbeidet i Hordaland lagt inn. Målet er på kort sikt å forankre og følge med utviklingsarbeidet i kommunane gjennom program for folkehelsearbeid. På lengre sikt vurdere å utvikle eit strategisk organ for å ivareta rolla som regional utviklar i folkehelsearbeidet. Dette må også knytast opp mot samarbeidsmodellar som skal drøftast inn i ny region.

Samarbeidsorganet hadde første møte den 31.01.2018 der organet konstituerte seg. I møtet blei det orientert om program for folkehelsearbeidet i kommunane og om det pågåande arbeidet med søknaden. Vidare blei det informert om roller for dei ulike aktørane i programarbeidet. Drøftingstema var oppgåver og mandat for arbeidet i organet, overordna mål/mål for programarbeidet, temaområder for arbeidet og plan for å inkludere kommunar og tiltak, stegvis opptak av kommunar og tal på programkommunar m.m.

Samarbeidsorganet har 22 medlemar. Samansetjing av medlemar og endringar i mandat, vil bli vurdert gjennom evaluering. Prosjektsekretariat med to personar frå fylkeskommunen kjem i tillegg.

Samansetjinga av samarbeidsorganet:

Kommunane: Møte i april 2017 med KS-Vest gav avklaring på at KS ønskja ein breiast mogeleg representasjon frå dei 33 kommunane i fylket direkte inn i arbeidet. Kommunane fekk i dialog/drøftingsmøte i september kome med innspel til korleis representasjon frå kommunane inn i samarbeidsrådet kunne sjå ut. Hordaland fylkeskommune har på bakgrunn av innspela valt ein utvalsmodell for å sikre representasjon frå kommunane gjennom

geografisk fordeling. Utvalsmodellen skal også sikre at medlemne i organet representerer samarbeidsnettverk der alle kommunane i fylket er med. Det blei sendt invitasjon til regionråda og/eller nye prosjektkommunar om å peike ut ein felles representant innan kvar region av fylket. Dette utgjer totalt fem deltakarar frå Nordhordland, Sunnhordland, Hardanger/Voss, Bjørnefjordsamarbeidet og Vest-kommunane. Vidare fekk Bergen kommune invitasjon inn med ein representant. Alle desse har peika ut representantar som har ulike roller som politikarar, administrative leiarar og folkehelsekoordinatorar.

Statlege samarbeidsinstitusjonar: I første omgang er Fylkesmannen i Hordaland og NAV Hordaland invitert med i samarbeidet. NAV deltek med rådgjevande overlege. På sikt vil fleire miljø t.d. helsetenesta kunne bli vurderte for breiare samansetning.

Frivillig sektor: Det er eit mangfald av frivillige lag og organisasjonar som vil kunne bidra godt til å styrke koplinga mellom frivillig sektor og kommunane. Det er ikkje sendt ut open invitasjon til frivillig sektor om deltaking i programarbeidet. I første omgang er kontakt etablert med Nasjonalforeningen for folkehelsen, som har samarbeidd med fylkeskommunen over fleire år. Det skal vurderast om det skal opnast for breiare representasjon t.d. frå idretten. Dette er også i tråd med ønskje frå samarbeidsorganet. Samstundes vert det i arbeidet i Hordaland lagt vekt på at det er i kommunane det skal etablerst tett samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Kunnskap- og forskingsmiljø (FoU-miljø): For prosjektutviklinga i Hordaland vurderer vi det som hensiktsmessig at kunnskaps- og forskingsmiljøa deltek inn i programarbeidet på mange nivå. Dei fem miljøa som er invitert inn i arbeidet har alle takka ja til deltaking i samarbeidsorganet. Representantane frå FoU-miljøa har doktorgradskompetanse/ forskarkompetanse. Fleire har brei erfaring i utviklingsarbeid i samarbeid med kommunane.

Ungdomsrepresentantar: For å sikre perspektiv frå unge inn på regionalt nivå er Ungdommens fylkesutval som einaste organ, inviterte til å delta med to representantar.

Politisk og administrativ deltaking frå Hordaland fylkeskommune: Program for folkehelsearbeid i kommunane er eit langsiktig utviklingsarbeid som har politisk interesse. Fylkesutvalet har utnemnd representant med vara inn i arbeidet.

Samarbeidsorganet vert leia av fylkesdirektør for regional utvikling på vegne av fylkesrådmannen. Andre sentrale ressurspersonar er næringssjef (nestleiar), opplæringsavdelinga ved leiar for seksjon skule og fylkesdirektør for kultur og idrett. Det er viktig at kommunane har omtrent same tal representantar som fylkeskommunen. Tal medlemmer frå fylkesnivå skal vurderast.

Mandat og oppgåver for arbeidet:

Samarbeidsorganet bør møtast to-tre gangar årleg. Samansetjing og oppgåver skal evaluerast.


Mandatet er drøfta i samarbeidsrådet den 31.01.18.

- Samarbeidsorganet skal følge med i arbeidet knytt til program for folkehelsearbeid i kommunane, og vere oppdatert på tiltaksutviklinga i kommunar som har fått tilskotsmidlar.

- Samarbeidsorganet vil bli årleg orientert om framdrifta, og kan drøfte utviklinga av programmet.
- Samarbeidsorganet skal drøfte og gje råd til fylkeskommunen på val av kriterium for å inkludere kommunar og tiltak inn i programmet.
- Samarbeidsorganet skal drøfte og gje råd for endeleg val av kommunar og tiltak inn i programmet etter opne søknadsprosessar. I dette ligg også råd knytt til fordeling av tilskotsmidlar. Sentralt i vurderinga er å sjå føremål og nytte av tiltaket, kunnskapsgrunnlag, og om tiltaket kan gjennomførast og evaluerast.
- Samarbeidsorganet skal gje råd om fylkeskommunen kan stå som tiltakseigar for prosjekt i vidaregåande skular/opplæring, om det er etablert samarbeid med ein eller fleire kommunar.

Ressursgruppe/FoU-nettverk:

Det er tenkt etablert ei faggruppe for arbeidet som skal ha tett kontakt om oppfølging av tiltaka i kommunane og for opplegget i programperioden som arbeidsprosessar, fagleg opplegg, samlingar, kompetansebygging i kommunane, oppnådde mål osv. Dette er etter modell frå arbeidet med nærmiljøprosjektet. Alle kommunane ved prosjektleiar og representantar frå FoU-miljøa kan sitje i gruppa, i tillegg til prosjektsekretariat frå fylkeskommunen. Eit slikt nettverk vil sikre kommunane god innverknad på prosjektutforming og utvikling. FoU-kompetanse/forskarkompetanse i organet vil bidra til kvalitetssikring på utforming og gjennomføring av tiltak.



Tverrsektorielt prosjektsekretariat:

Fylkeskommunen er ansvarleg overfor Helsedirektoratet og er sekretariat for arbeidet. Sekretariatet vil bestå av prosjektleiar, rådgjevarar som arbeider med folkehelse, og medlemmar får folkehelseringen, som er fylkeskommunen si tverrsektorielle strategiske folkehelsegruppe. Sekretariatet skal i tett samarbeid med FoU-miljøa og kommunane legge til rette for det årlege utviklingsarbeidet. Sekretariatet skal støtte opp under arbeidet i kommunane, vere kontaktledd til Helsedirektoratet, melde om framdrift til folkevalde organ, ha sekretariatfunksjon i samarbeidsorganet, utvikle kommunikasjonstiltak for å gjere arbeidet kjend, utvikle rapporteringsrutinar osb.

Det er knytt kompetanseressurs frå Hordaland fylkeskommune med doktorgradskompetanse/forskarkompetanse til sekretariatet.

Ansvarleg for sekretariatet er næringssjefen i Hordaland fylkeskommune, som rapporterer til direktør for regional utvikling og fylkesrådmannen. Den politiske behandlinga av saker frå programarbeidet skal følge føringar for dette lagt gjennom regional planstrategi.

Hordaland fylkeskommune si rolle i programarbeidet:

- Vere pådrivar og samordne arbeidet til ulike partar og halde kontakt med desse.
- Ta det overordna ansvaret for å sikre god kompetansebygging i programmet – i dialog med kommunane etter kvart som kommunane sine behov vert avklara.
- Etablere og ta ansvar for felles møteplassar og samarbeidsarenaer.
- Dele kunnskap og erfaringar i programarbeidet mot andre.
- Bidra til at kunnskap utvikla i programmet m.m. blir med i kommunane og fylkeskommunane sine ordinære plan- og utviklingsprosessar.
- Sikre at kunnskap frå programmet blir nytta i fylkeskommunen sitt støttearbeid til kommunane innan folkehelsefeltet, og sikre at kunnskapen blir teke inn i kunnskapsgrunnlaget i fylkeskommunen.
- Sikre gjennom samarbeidsavtalar at kunnskap og erfaringar frå programmet vert teke inn og nytta i dei kunnskapsmiljøa som samarbeidet i programmet - særleg i utdanningsinstitusjonane.
- Samarbeide med FoU-miljøa som deltek i programarbeidet.
- Bidra til å auke kunnskap om evaluering av folkehelseiltak til alle kommunar i fylket - ikkje berre dei som deltek i programmet jfr. handlingsprogrammet 2018-2021.
- Bidra til samarbeid om prosjektutvikling.
- Rapportere til administrativ og politisk leiing i fylkeskommunen.
- Velje deltakarar til det regionale samarbeidsorganet og vere sekretariat for organet.
- Rapportere til regionalt samarbeidsorgan.
- Økonomistyring i tråd med retningsliner frå Helsedirektoratet – bidra til god rapportering frå kommunane.
- Kontaktledd for Helsedirektoratet og representere programmet i Hordaland på nasjonale arenaer.
- Inngå samarbeidsavtalar med kommunane.

4. Planar for medverknad, samarbeid og evaluering

4.1 Plan for involvering av barn og unge på regionalt og kommunalt nivå

Involvering av barn og unge skal sikrast gjennom ulike strategiar på ulike nivå i utviklingsarbeidet. Vi tenkjer å nytte breidda i verkty på både regionalt og kommunalt nivå for å få dette til.

Gjennom målformuleringar og kriterium for val av kommunar og tiltak:

Involvering av barn og unge i programarbeidet i Hordaland er løfta inn både i måla for arbeidet og i kriteria for val av kommunar og tiltak. Dette er strategiske grep for å sikre at medverknad skal vektleggast høgt i det felles utviklingsarbeidet på alle nivå.

Gjennom deltaking i styrings- og planleggingsorgan:

Ungdommens fylkesutval er med i utviklingsarbeidet gjennom samarbeidsorganet med to representantar på regionalt nivå. Vi håper at samarbeid med ungdommens fylkesutval også kan bidra til kunnskap og engasjement hos unge i kommunane. Det kan bli aktuelt å bruke ungdommens fylkesutval som dialogpart utover arbeidet i samarbeidsorganet. Kommunane bør også velje ungdomsrepresentasjon gjennom deltaking i styrande organ/arbeidsgrupper/prosjektgrupper der det er hensiktsmessig.

Gjennom kompetanseheving og erfaringsdeling:

Det vil bli arrangert samlingar for kommunane om medverknadsmetodar og med gode døme på korleis engasjere barn og unge i praksis. Eit mål her er å nytte erfaringar knytt til medverknad og styrkebaserte metodar ved at prosjektkommunane sjølve delar erfaringar med nye prosjektkommunar. Her kan kunnskap frå nærmiljøprosjektet både knytt til planlegging, involvering og erfaringar for å få fram barn og unge si stemme i planprosessar nyttast.

Gjennom søknadsprosessen og kommunane sine planar for involvering i prosjektutviklinga:

Kommunane skal sikre gode planar for medverknad knytt til tema og problemstilling for arbeidet, og om kva tiltak som skal utviklast innanfor ulike arenaer. Kommunane har dei formelle medverknadsstrukturane (indirekte representasjon) som kan nyttast. I tillegg bør det bli lagt vekt på å få fram barn og unge si stemme på dei arenaene barn og unge oppheld seg på, gjennom å styrke medverknad i skulemiljø, nærmiljø og ev. gjennom politiske prosessar. Involvering bør skje i planlegging av tiltak, i gjennomføring av tiltaket og i evalueringa av tiltaksgjennomføringa. Det er eit mål for programarbeidet i Hordaland at barn og unge skal delta i heile prosessen og få eigarskap til arbeidet.

Gjennom forankring i kunnskapsgrunnlag, planar og i det systematiske folkehelsearbeidet:

I tråd med kriteria for å delta som programkommune, må det etablerast system for korleis medverknadsarbeidet i kommunen kan styrkast etter prosjektet er avslutta.

4.2 Samarbeid om, og innverknad på programarbeidet frå kommunane

Gjennom avtaler skal det sikrast rammer for handlingsrom for god tiltaksgjennomføring i kommunane. Det skal leggast til rette for at kommunane som tiltakseigar skal knyte prosjektutviklinga til lokale premisser, få utviklingsstøtte frå fylkeskommunen og FoU-miljø. Regional samarbeidsstruktur skal også sikre at kommunane som tiltakseigar får god

innverknad på programarbeidet i fylket. Møteplassar/samlingar skal opnast for politisk deltaking.

Styringsstrukturane:

Lokal styring som prosjekteigarkommunar – lokal prosjektorganisering: Gjere kommunen sin rolle som tiltakseigar tydeleg i utforming av samarbeidsavtaler med fylkeskommunen. Det er mål om å få politisk forankring av deltaking i programarbeidet i kommunen.

Deltaking i ressursgruppe/FoU-nettverk som møteplass for fagutvikling, prosjektplanlegging og framdrift: Fylkeskommunen vil vidareutvikle samarbeidsforma frå nærmiljøprosjektet, der tilbakemeldingar frå deltakarkommunane er at dei bidreg i utviklinga av dette arbeidet i fylket. Det er tenkt at alle prosjektleiarar frå kommunane deltek i FoU-gruppe/ressursgruppe, som vil vere samarbeidsorganet for dialog, prosess, og påverknad for utforminga. Gruppa skal vere møteplass for planlegging, rapportering og framdrift og sikre dialog med FoU-miljøa/fylkeskommunen.

Brei kommunerepresentasjon i regionalt samordningsorgan: Utvalsmodellen til regionalt samarbeidsorgan skal sikre representasjon av kommunar frå heile fylket, og at medlemmane frå kommunane representerer eit nettverk av kommunar.

Utarbeiding og oppfølging av tiltak:

Fylkeskommunen skal legge til rette for samordning av arbeidet i Hordaland og etablere nødvendig støtte rundt arbeidet i kommunane gjennom mellom anna:

- Organisering av arbeidet for å få fram kompetansebehov, etablere møteplassar og legge til rette for prosjektstøtte.
- Fylkeskommunen vil bidra med breiddekompetanse inn i oppfølging av det kommunale arbeidet som fagleg støtte, hjelp/støtte til å oppfylle prosjektkrav (rapportering m.m.), støtte til å forankre og gje prosjektarbeidet tyngde, motivere og skape framdrift.
- Fylkeskommunen skal legge til rette for at kommunar kan etablere samarbeid om felles prosjekt på tvers av kommunar.
- Det skal lagast system som sikrar kommunen/samarbeidskommunen støtte når kommunen har ein prosjektide og ønskjer dialog med FoU-miljø for å legge til rette for evaluering (søkjarkonferanse og anna støtte). Sjå plan for evaluering.

4.3 Plan for samarbeid med kunnskaps- og forskingsmiljø, og roller til miljøa

Hordaland fylkeskommune har etablert samarbeid med kunnskaps- og forskingsmiljø i tråd med regelverket. Hordaland fylkeskommune skal ta ei koordinerende rolle for å sikre at programarbeidet i Hordaland vert gjennomført slik at det vert tilrettelagt for evaluering og ev. forskning. Dei fem miljøa i samarbeidet har etablert ei felles samarbeidsgruppe - evalueringsgruppe - for arbeidet. Dette er ein innovativ arbeidsform som også inneber at det er tenkt tett samhandling og oppgåvefordeling i dialog mellom miljøa til beste for utviklingsarbeidet i Hordaland. Det er eit mål om å finne samarbeidsformer som bidreg til å kople kommunar/samarbeidskommunar, etablere samarbeid med kommunane inn mot eit eller fleire relevante kompetansmiljø der det er hensiktsmessig utifrå tid, ressursar og kompetanse.

Alle kunnskaps- og forskingsmiljøa bidreg i samarbeidsorganet. Dei fleste vil bidra både i samarbeidsorganet og meir direkte til prosjektutviklinga. Vi tenkjer å nytte kunnskaps- og forskingsmiljøa både i utvikling av prosjektskisser for å legge til rette for evaluering (fase 1) og til vidareutvikling av prosjekta/tiltaka i kommunane (fase 2).

Fleire av miljøa kan bidra med kunnskapsoppsummeringar og støtte knytt til system for evaluering ev. forskning, samt kompetansestøtte i ulike fasar i utviklingsarbeidet. Vi ser også føre oss å fortsetje det langvarige samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet. Som det kjem fram av budsjettet i søknaden for arbeidet i Hordaland, vert det søkt om midlar til kunnskaps- og kompetansmiljø for å støtte kommunane med rådgjeving og gjennomføring av tiltaka – FoU arbeid. Mulig fordeling av midlar skal avgjerast seinare, men vi ser føre oss at Høgskulen på Vestlandet vil vere ein viktig samarbeidspart. HVL har same rolla også i Sogn og Fjordane. Det er viktig å legge til rette for å nytte studentar som del av utviklingsarbeidet/evalueringarbeidet for å integrere praksisnær kunnskap inn mot utdanningsmiljøa. Både Hemil-senteret og HVL er utdanningsinstitusjonar.

Eigen omtale frå kunnskap- og forskingsmiljøa med roller inn i programmet:

Det regionale utvalet for folkehelse i Hordaland (samarbeidsorganet) hadde sitt første møte 31. januar 2018. Fem kompetansmiljø er representerte i utvalet. Disse kompetansmiljøa har på eige initiativ etablert i ei samarbeidsgruppe som skal møtast regelmessig med tanke på å gi faglege råd om tiltaka som vert utvikla og om evaluering av tiltaka som skal gjennomførast i kommunane.

Folkehelseinstituttet, Avdeling for helsefremmende arbeid

Folkehelseinstituttet har etter oppdrag frå HOD sidan 2014 arbeidd med å etablere ei verksemd rundt evaluering av folkehelseiltak. Det blir lagt størst vekt på kvantitative tilnærmingar og effektevaluering. Så langt er det sett i gang elleve evalueringssjett med eit samla budsjett på omtrent 200 millionar. Folkehelseinstituttet si avdeling for helsefremmende arbeid er lokalisert til Bergen. Blant dei tilsette er det for tida sju forskarar som arbeider med evaluering av folkehelseiltak. Avdelinga i Bergen koordinerer arbeidet med Folkehelseinstituttet sin førebyggingsrapport som blir publisert i 2018.

HEMIL-senteret, Universitetet i Bergen

Fagmiljøet ved HEMIL-senteret har lang erfaring med å utvikle, implementere og evaluere teori- og empiribaserte intervensjonsstudiar for å fremme barn og unge si helse og livskvalitet. Dei fleste av studiane er gjennomført i skolen (til dømes Helsefremmende skoler,

Steg for Steg, Spis Mer, Fysisk aktivitet og måltider og Drømmeskolen). Ein omfattande studie er gjennomført på fritidsarenaen (PAPA-studien). Vidare gjennomfører HEMIL-senteret store datainnsamlingar om frekvens og forklaringsfaktorar for helseåtfærd og helse. Dette både i landsrepresentative utval blant barn og unge (HEVAS- Helsevaner blant skoleelevar, ein WHO studie i fleire land) og i longitudinelle studiar der over 700 personer har blitt følgde frå dei var 13 år i 1990 til dei vart 40 år i 2017. Desse prosjekta har gjeve god erfaring i rekruttering, opplæring og støtte for implementere intervensjonar, samt protokoll- og spørjeskjema utvikling. HEMIL-senteret har også ansvar for masterprogrammet «Helsefremmende arbeid og helsepsykologi», der grunnlagsteori og teoretisk grunnlag for tiltak på feltet står sentralt.

Med dette som utgangspunktet vil fagmiljøet ved HEMIL-senteret kunne bidra i samarbeidsorganet. Men også støtte til kommunane med relevant forskingskompetanse og aktuelle verktøy for måling og evaluering av tiltak for å fremje barn og unge si helse og livskvalitet. Vidare vil det kunne vere aktuelt gjennom masterprogrammet å samarbeide med kommunar i form av moglege masteroppgåver og studentprosjekt.

Høgskulen på Vestlandet (etter fusjon av Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og fjordane og Høgskulen i Stord og Haugesund)

HVL vil vidareføre samarbeidet med Hordaland Fylkeskommune i dette programmet. I 2012 etablerte HVL (HiB) ei gruppe på tvers av fakultet og campusar for å styrke samarbeidet med Hordaland Fylkeskommune om folkehelsearbeid. Dette resulterte i prosjektet Helsefremjande skule, samt prosjektet «Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland», som er eit pågåande prosjekt med fire kommunar. HVL støttar opp om kompetansebygging i deltakarkommunane, mellom anna gjennom aksjonsforskning og følge-med-rolle. Samarbeidet bidreg til undervisning ved høgskulen inn i fleire fag, som grunnlag for master- og bachelor-oppgåver. Fylkeskommunen bidreg med praksisplasser for høgskulen sine studentar. HVL har også andre forskings- og utviklingsprosjekt innan folkehelse, og arbeider for å trekke folkehelsearbeidet inn i fleire utdanningar enn dei som tradisjonelt har hatt dette fokuset. HVL har undervisning, forskning og utviklingsarbeid blant anna innan psykisk helsearbeid og rusarbeid, psykisk helse hos barn og unge, folkehelse, mat og idrett, samfunnsarbeid med fokus på medverknad og deltaking, idrett, velferd og helse, global helse, sosialt entreprenørskap, eigeomsdesign og arealplanlegging, helsesystemutdanning, lærarutdanningar, som omfattar fysisk aktivitet og kosthald i eit skulemiljø, samt Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet, Senter for nyskaping og Omsorgssenter vest. HVL har campusar i Førde, Sogndal, Stord, Haugesund og Bergen, og ønskjer gjennom samarbeidet å bidra til å styrke folkehelsearbeidet i vestlandsregionen.

KoRus Vest Bergen

Kompetansesenter rus (KoRus) region vest Bergen er eit av sju regionale KoRus i Norge som får sine oppdrag direkte frå Helsedirektoratet. KoRus har lang røynsle i å støtte kommunar og spesialisthelsetenesta i utvikling av kompetanse lagt til rette for ulike tenester. KoRus har kunnskap om verdien av kommunane sin eigenart. KoRus skal sikre ivaretaking, oppbygging og formidling av rusfaglig kompetanse og gjennom dette bidra til å oppfylle dei nasjonale måla på rusfeltet regionalt. Føremålet er å styrke organisering, kompetanse og kvalitetsutvikling på rusfeltet. KoRus skal samarbeide og samordne med andre kompetansesentra og kompetansetenester, samt andre instansar/relevante fagmiljø. Den primære målgruppa for arbeidet til KoRus er tilsette og avgjerdstakarar/forvaltninga i kommunane, og i noko grad også fylkeskommunane og spesialisthelsetenesta. I tråd med

folkehelselova har det rusmiddelførebyggjande arbeidet eit tverrsektorielt perspektiv. I arbeidet med kompetanseutvikling innan rusbehandling skal kommunale tenester prioriterast då dei utgjer berebjelken i tenestetilbodet. Det blir lagt vekt på brukarinvolvering og brukarmedverknad. Hensikta er å sikre målgruppene god og likeverdig tilgang til tenestene ved sentera, vere «ei teneste for tenestene». KoRus vest Bergen er plassert i Bergensklubben, og arbeider overfor fylka Hordaland og Sogn og Fjordane.

Alle KoRus har følgjande kjerneoppdrag:

- Rusmiddelførebygging som ein del av folkehelsearbeidet
- Tidleg innsats og intervensjon
- Rusbehandling - avhengigheit

KoRus har også ansvar for å kvalitetssikre samtalemotodikk nytta av ulike aktørar som yter tenester i kommunane og å drifte ei nasjonal vegleiingsteneste MI analyse. KoRus bidreg også til program for folkehelsearbeid med kunnskap frå Ungdata og BrukerPlan som vert utført i kommunane.

Regionalt kunnskapssenter for barn og unge – RKBU Vest

RKBU Vest arbeider med å styrke kompetansen og kvaliteten i alle tenester som er relevante for barn og unge si psykiske helse og livskvalitet. Samfunnsoppdraget vert utført etter oppdrag frå Helsedirektoratet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). Dette i samarbeid med tenestene og andre forskings- og kunnskapsmiljø. RKBU Vest driv praksisnær og -relevant forskning for å forstå tilhøve som bidreg til helsefremjande utvikling og gode oppvekstvilkår for barn og unge. Vidare arbeider ein med å legge til rette for å implementere kunnskapsbaserte tiltak, og evaluere effektane av tiltak som blir implementerte i tenestene.

Gjennom utdanningsprogram, kurs og seminar bidreg RKBU Vest til at fagtilsette innan helse- og omsorgstenestene og barnevernet, får auka kompetanse i arbeidet med barn og unge. Nokre døme på prosjekt som er gjennomført i samarbeid med kommunane og fylkeskommunar er: Barn i Bergen/Ung@hordaland - studien har bidrege til auka kunnskap om samanhengar mellom psykisk helse, livsstil og skolefungering. Resultata har medverka til at det førebyggjande helsearbeidet i kommunane er styrka over tid. Olweusprogrammet som, gjennom fleire evalueringstudiar, har vist å føre til ein reduksjon av mobbing særlig på barneskolen og bidrege til ei vidareutvikling av tiltak for barn og unge som er utsette for mobbing. Evalueringar av lågterskel tiltak for ungdom med angst (LIST-prosjektet), basert på prinsippa til kognitiv åtferdsterapi, har bidrege til kompetanseheving blant helsesyrer. Gjennom foreldrevegleiingsprogrammet - de Utrolige årene - har RKBU Vest bidrege til å styrke foreldre i foreldrerolla og til å førebyggje åtferdsvanskar hos barn.

Forskning knytt til kva sosial ulikskap betyr for barna si psykiske helse har – gjennom samarbeid med kommunar - bidrege til kartlegging og utvikling av tiltak for målgruppa. RKBU Vest har gjennomført kunnskapsoppssummeringar av barnehagetiltak, utvikling av vegleiingstiltak for fosterforeldre og oppfølgingsstudiar av fosterbarn – som er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget i Bufdir sin kompetansesatsing for kommunalt barnevern. Dette bidreg også RKBU Vest til å implementere.

RKBU Vest vil bidra i samarbeidsorganet, og støtte opp om kommunane med relevant kompetanse på områda over og andre område, for å utvikle prosjekt for å fremje barn og unges helse og livskvalitet.

4.4 Plan for tilrettelegging av evaluering/kvalitetssikring

FoU-miljøa/kompetansemiljøa har i samarbeid utvikla plan for tilrettelegging for evaluering knytt til program for folkehelsearbeid i kommunane. Sidan vi ikkje veit kva tiltak det er aktuelt for kommunane å utvikle og kva tiltak som vil eigne seg for forskning, legg programgjennomføringa i Hordaland i første omgang stor vekt å utvikle gode system for eigenevaluering.

Eigenevaluering av tiltak av kommunane

I programskildringa frå Helsedirektoratet står det at i programskissa/søknaden kommunane skal sende inn til fylkeskommunane skal det leggest fram planar for evaluering av dei tiltaka som skal gjennomførast. Hordaland fylkeskommune vil legge til rette for at kommunane får hjelp til dette. Dei fem kompetansemiljøa i programarbeidet i Hordaland vil i fellesskap utarbeide eit opplegg eller ein mal for eigenevaluering. Dette med tanke på at det skal bli ei overkommeleg oppgåve for kommunane og at eigenevalueringa skal bli så systematisk og informativ som mogeleg.

Følge-evaluering på tvers av kommunar

Ei følge-evaluering som vert gjennomført av ein ekstern aktør har den fordel at vurderingane blir meir nøytrale og at det blir mogeleg å samanlikne på tvers av kommunar. Sidan det ikkje er lagt til rette for at delar av midlane som vert stilt til disposisjon for kommunane kan nyttast til evaluering, vil ein søkje om støtte til dette frå regionale fond.

Praksisnær forskning og dokumentasjon

Omgrepet praksisnær viser til at problemstillingar, tema, spørsmål m.m. skal ha utgangspunkt i praksisfeltet og i dei som tek avgjerder/forvaltninga. Med praksisfelt kan vi forstå både den profesjonelle fagutøvinga, systema ein utøver arbeid i og innbyggjarane som nyttar seg av tenester og ytingar. FoU-omgrepet viser til forskning og utvikling, under dette kunnskap og kompetanse. Slik praksisnær forskning vert kjenneteikna av at det som vert forska på og det som vert utvikla vert formulert av praksisfelt og forskerar i samarbeid.

Den som skal forske tek ikkje med seg ferdige problemformuleringar for forskning eller kunnskapsprogram for kompetanseutvikling i møte med praksisfeltet. Behov vert identifiserte saman med praksisfeltet og utvikla i fellesskap. Innan praksisnær forskning vert det nytta ulike metodiske inngangar til systematiske måtar å hente inn kunnskap frå brukarar, fagfolk og andre aktørar i organisasjonane. Dette for å etablere relevante faglege plattformer for det profesjonelle arbeidet.

Effektevaluering av tiltak

I den første versjonen av programskildringa var det lagt stor vekt på at tiltak skulle effektevaluerast. Dette er svært problematisk når tiltaka skal utviklast av kommunane sjølve. Gode effektevalueringar av folkehelseiltak betyr gjerne at ein jobbar med skolar, barnehagar, idrettslag, lokalsamfunn og at ein må randomisere desse snarare enn enkeltindivid. Ei slik ramme gjer undersøkingane store og kostnadskrevjande.

I den siste versjonen av programskildringa for 2018, er kravet om effektevaluering ikkje så sterkt framheva. Effektevalueringar vil først og fremst vere mogeleg å få til dersom eit tiltak vert gjennomført på ein temmeleg lik måte av fleire kommunar samstundes. Evalueringsgruppa frå kompetansemiljøa vil følge planlegginga av tiltaka med tanke på å

identifisere tiltak som kan effektevaluerast. Om det ligg til rette for at eit eller fleire tiltak kan effektevaluerast vil gruppa søkje midlar for å gjennomføre slike studiar. Elles vil gruppa i lys av dei tiltaka som etterkvart utkrystalliserer seg, forsøkje å sjå om det er mogleg å gjere bruk av data frå undersøkingar (til dømes Ungdata) eller registre. Dette for å skildre trendar og eventuelt sjå endringar og skilnader i samanheng med tiltaka som vert gjennomførde.

Kompetansemiljøa/evalueringsgruppa kan ikkje i utgangspunktet garantere at effektevalueringar vil bli gjennomførde, men vi legg til rette for dette om vi ser det som mogeleg.

5. Tiltaks- og framdriftsplan for programperioden

Nedanfor er vist førebels gjennomføringsplan for regionalt nivå. Det kan bli justeringar i samråd med ressursgruppe/FoU-nettverk. Det vil bli utvikla meir detaljerte planar.

Dato	Aktivitet	Ansvarleg	Status
2017	Politisk vedtak. Førebuande arbeid.		
Juni	Politisk sak alle politiske utval og vedtak i fylkestinget.	Regionalavdeling	x
Desember	Samansetjing og invitasjon til møte samarbeidsorganet.	Regionalavdeling	x
2018	Oppretting av samarbeidsorgan. Søknad. Opptak første pulje.		
31.01	Konstituerande møte i samarbeidsorganet om mål og kriterier mm. Deltaking frå Ungdommens fylkesutval.	Regionalavdeling	x
31.01	Fellesmøte med inviterte kunnskaps- og forskingsmiljø – samarbeidsområder og plan for evaluering.	Regionalavdeling	x
19.02	Søknad til samarbeidsorgan for gjennomsyn og innspel.	Regionalavdeling, Sam.org.	x
26.02	Orienteringssak til toppleiargruppa HFK.	Regionalavdeling	x
28.02	Sende søknad til Hdir.	Regionalavdeling	
Søknad innvilga.			
Mars	Utlysing av tilskotsordninga – når HFK får positivt svar frå Hdir.	Regionalavdeling	
April	Fagkonferanse/søkjarkonferanse – kopling mellom kommunane og FoU-miljø. Vegleing knytt til søknadsarbeidet, opplegg for evaluering.	Regionalavdeling	
30.05	Søknadsfrist til fylkeskommunen for kommunane.	Søklar kommunane	
Ca 15.06	Møte i samarbeidsorganet – vurdering og tildeling av midlar.	Regionalavdeling, Sam.org,	
30.06	Oversikt over tiltak og målgrupper i 2018.		
30.06	Samarbeidsavtaler sendt Hdir.		
Høst	Planlegging og prosjektoppstart i kommunane.		
September	Felles samling rundt prosjektutviklinga.	Regionalavdeling	
01.11	Ferdige prosjektskisser til HFK og Hdir.	Prosjekt-kommunane	
2019, 2020, 2021	Opptak andre, tredje og eventuelt fjerde pulje. Pågåande arbeid med prosjektkommunar. Avsluttande arbeid med første og andre pulje.		
Januar	Utlysing av nytt opptak for nye kommunar inn i arbeidet.	Regionalavdeling	

Januar/Februar	Fagseminar for nye søkarkommunar.	Regionalavdeling	
01.03	Rapportering frå kommunane som er inne i programmet til HFK.	Prosjekt-kommunane	
01.04	Rapportering frå HFK til Hdir.	Regionalavdeling	
Ca 15.04	Opptak av ny pulje kommunar inn i programmet.		
Ca 15.04	Statusrapport til samarbeidsorganet.	Regionalavdeling	
	Nye prosjekt hos dei pågåande programkommunane?		
Mai	Felles seminar alle kommunar.	Regionalavdeling	
	Nye avtaler til Hdir.		
	Statusrapportar og budsjett for påfølgande år.		
	Planlegging og oppstart i nye kommunar.		
September	Felles samling rundt prosjektutviklinga.	Regionalavdeling	
	Ferdige prosjektskisser til HFK og Hdir nye kommunar.	Prosjekt-kommunane	
November (2020, 2021)	Sluttrapport frå avsluttande prosjektkommunar.		
2022	Avsluttande arbeid med tredje og eventuelt fjerde pulje. Avsluttande arbeid for 5-års periode.		
01.03	Rapportering frå kommunane som er inne i programmet til HFK.	Prosjekt-kommunane	
01.04	Rapportering frå HFK til Hdir.		
Ca 15.04	Statusrapport til samarbeidsorganet.	Regionalavdeling	
Mai	Felles seminar alle kommunar.	Regionalavdeling	
November	Sluttrapport frå avsluttande prosjektkommunar.	Prosjekts-kommunar	
November	Felles sluttsamling.	Regionalavdeling	
Desember	Sluttrapport.	Regionalavdeling	

6. Verbalt budsjett

Fordelinga av budsjettmidlar mellom postar er bygd på røynsle frå tidlegare prosjektarbeid med nasjonale midlar frå Helsedirektoratet. Sidan fylkeskommunen ikkje set på detaljsøknader frå kommunane ved tidspunkt for å sende inn søknaden, vil det kunne kome justeringar mellom budsjettpostar i revidert budsjett.

Midlane er i tråd med regelverket tenkt overført til lokal tiltaksutvikling med kommunane som tiltakseigar/nytta til utviklingsarbeid i kommunane. Unntak her er ev. tiltak i vidaregåande skule der fylkeskommunen er tiltakseigar.

Det vert av ramma søkt om kr. 600 000,- kr årleg til midlar til kunnskaps- og kompetansemiljø som skal vere med for å støtte opp om kommunane med rådgjeving og gjennomføring av tiltaka – FoU-støtte. Det vert søkt om 200 000,- kr årleg for felles FoU-samlingar for prosjektkommunane i regi av fylkeskommunen. Midlane skal gå til dagpakkar og ev. overnatting for deltakar frå kommunane. Røynsle frå nærmiljøprosjektet viser at pga. lange reiseavstandar i fylket kan det vere hensiktsmessig å arrangere samlingar med overnatting.

Til saman som tabellen side 10 syner, er det tenkt rundt 45 mill. til prosjektutvikling for kommunane, samt kr 5 mill. til kunnskaps- og kompetansemiljøa til rådgjevingsstøtte og til gjennomføring av tiltak, samt midlar til felles samlingar for kommunane som gjort greie for over.

Lønnsutgifter med sosiale kostnader:

Største budsjettpost er tenkt til løn og sosiale kostnader t.d. til frikjøp av prosjektleiar/andre som deltek i prosjektutviklinga i kommunane. Røynsler frå andre prosjekt viser at ressursar til frikjøp av nøkkelpersonar ofte er ein kritisk faktor. Totalt kr. 33 200 000,-

Reiseutgifter, arr, møter, konferansar:

Hordaland er eit stort fylke med lange reiseavstandar. Ein føreset at kommunane sjølve dekkjer alle kostnader unnateke kr 1 000 000, som er tenkt til felles samlingar/FoU-samlingar i regi av fylkeskommunen. Kr 2 500 000,- er budsjettert til kommunane.

Konsulenttenester:

Det er sett av kr 4 700 000,- som er tenkt til FoU-støtte for kommunane. Kr. 600 000,- er årleg tenkt nytta som midlar til dei kunnskaps- og kompetansemiljøa (FoU-miljøa) HFK inngår avtale med for å gje støtte i form av rådgjeving og gjennomføring av tiltaka. Totalt kr. 3 000 000,- Resterande midlar kan nyttast av kommunane.

Trykking, publikasjonar, kunngjeringar, utsending og distribusjonskostnader:

Ein mindre sum totalt kr.800 000 er budsjettert til dette.

Inventar/utstyr:

Tilskotsordninga opnar opp for noko bruk av midlar til kjøp av noko utstyr/inventar til nytte i tiltaksarbeidet. Det er ikkje tenkt midlar til investeringar og heller ikkje større innkjøp. Det er budsjettert med kr 3.000 000,- Større kjøp skal avklarast med Helsedirektoratet.

Driftsutgifter, forbruksmateriell og kontortenester inkludert lokale og energi:

Det er budsjettert med ein mindre sum kr. 1 800 000.- i samla kostnader. Utgifter ut over dette er tenkt som eigen finansiering.

Andre utgifter:

Regelverket for 2018 opnar opp for overføring av midlar til frivillig sektor. Det er derfor sett av kr. 3 000 000.- til samarbeid med kommune som tiltakseigar og frivillig sektor.

Eigenfinansiering frå kommunane:

Hordaland fylkeskommune legg til grunn at kommunen gjer greie for planlagt eigenfinansiering. Kommunen vel sjølv kva som skal finansierast gjennom eigeninnsats. Dette må gjerast greie for i søknaden då krav til eigeninnsats er eit vilkår i kriterier for val av kommunar og tiltak.

Eigenfinansiering frå fylkeskommunen:

Hordaland fylkeskommune dekkjer som eigenandel egne kostnader som prosjektkoordinator, reisekostnader, driftskostnader, kostnader til revisjon mm.